


Nytt fra



Nr 1/2011

5. årgang

Innkalling til Årsmøte i Smøla historielag lørdag 9. april 2011 kl 16.00 i Annies gjestekro, Dyrnes

Saksliste:

Konstituering: Møteleder
Føring av møtebok
Underskriving av protokoll

Årsmelding

Regnskap 2010

Arbeidsplan 2011

Budsjett 2011

Kontingent 2012

Valg: leder

2 styremedlemmer

3 varamedlemmer

revisor med vara

1 medlem til valgmennd

Etter årsmøtet: Temakåseri og samtale

Til årsmøtet legg styret fram ei slik årsmelding:

Årsmøtet 2010

blei halde i Smøla havfiskesenter 20. mars 2010.

Etter årsmøtet heldt Ernst Olav Blakstad et interessant foredrag om *Pytheas fra Massalia*.

Ernst Olav la fram mange interessante betraktningar.

Det blei også vist filmopptak som B. S. Tranøy hadde gjort for 70-80 år sia på Smøla og andre plassar på Nordmøre.

Styret

Karle Gjernes, leiar

Kjell Gundersen, nestleiar

Lars Roksvåg, sekretær

Tove Betten

Judy Rangnes

Varamedlemmer:

Lars Rosvoll

Elisabeth Sørli

Björg Træthaug

Styret har hatt 6 møte og behandla 49 saker.

Smølaminne

Smølaminne 2010 kom i salg fra først i desember. Redaksjonen med Jorun Jonassen, Reidun Åstasund, Roald Danielsen og Else Jorunn Lillenes leverte eit solid og godt arbeid. Saman med Holms Grafiske, som også i år har trykt årboka, og Svein Rangnes og Judy Rangnes, som har hatt ansvar for korrekturlesinga, er det blitt ei flott årbok.

8. klasse ved Smøla ungdomsskole selde først 361 eksemplar ved dørsalg. I tillegg har salget gått bra ved utsalga her på Smøla og i Kristiansund. I tillegg er det ein del salg på postordre.

Det kjem også sporadiske bestillingar på 2009 og 2008- utgavene.

Medlemsbladet Nytt fra Smøla historielag

har også i år kome med 2 nummer og virkar som eit bindeledd mellom styret og medlemmene.

Kontorspar Engvig i Kristiansund har også dette året kopiert dette gratis for oss.

Heimesida

har vore å finne både under Smøla kommune si hjemmeside og under www.smola.historielag.org . Magne Gjernes lar lagt inn stoff for historielaget under Smøla kommune, og Jens Romslo har organisert laget si eiga heimeside saman med leiar i Landslaget for lokalhistorie, Kurt Tverli. Sida under Smøla kommune er no avvikla, og det er lagt ein link til laget si eiga heimeside, så no framstår vi med ein egen profil.

Tur

Laget hadde tur til Hallarøya 24. juli. 34 personar dektok. Noen få kjørte egen båt, men de fleste var med Egil og Kåre Betten fra Jøstølen. Kåre og Egil fortalte om namn og bosetting på øyar under vegs. På Hallarøya tok Hanne og Einar Taknæs imot oss. Einar fortalte om aktiviteten på fiskeværet i sin barndom/ungdom og viste oss rundt.

Haustmøte

10. november 2010 kåserte Per Eilert Orten om Smøla sett gjennom avisene på 1920- og 1930-talet. Dette møtet blei halde på Rosvoll prestegard i samarbeid med Smøla museum. Det var godt oppmøte.

Smøla kommune 50 år

Historielaget har deltatt i kommunen si jubileumsfeiring med ein representant i jubileumskomiteen og ved å stille opp på stand ved dei forskjellige kommunale markeringane.

Kulturveka 2010

Historielaget hadde stand saman med Smøla Museum og Smøla kommune dei dagane Gurispelet var framført. Historielaget hadde salg av utgitte Smølaminne og Faner på Smøla.

Historiske bilde

Nordvestnytt har i året trykt mange bilde av lokalhistorisk interesse. Det gjenstår å få ei systematisk registrering av desse bilda. Like eins er det med Widerøe-bilda fra 1960-talet som no er å finne under www.fylkesfoto.no

Smøla museum

Utanom møter har også historielaget samarbeidd med Smøla museum om ukas kulturminne og kulturminneatlas.

Smøla bygdearkiv

Historielaget arbeider med å få dette inn i ei fastare form med eigne vedtekter og styre. Vi må også finne eit registreringssystem for privatarkiv.

Slåttar, salmar, stev og stubbar frå Smøla

Historielaget arbeider med å få dette bokprosjektet ut i 2011. Terje Sundet har samla notar og skrive tekst, medan Åslaug Rise Holberg har laga illustrasjonar. Holm Grafiske er kontakta om trykking og ferdigstilling.

Til no har vi fått tilskott til bokprosjektet av Sparebank 1 MN og Smøla kommune.

Medlemsutvikling

Interessen for historielaget er aukande: I 2008 69 medlemmer, 2009 102 medlemmer og 2010 114 medlemmer

Styret vil takke alle samarbeidspartnarar i 2010, spesielt redaksjonen av Smølaminne, korrekturlesarar, trykkeri, skribentar og like eins Smøla museum med dagleg leiar Rannei Botten for godt samarbeid og heimesideredaktørarar.

Kvardagshendingar

Vi har så lett for å gløyme endringar i kvardagen. I nr 2/2010 skreiv vi om ei kronologisk liste, og gjentar det. Skriv ned, gjer notatar: Kor blei det av vaskebrettet som var i bruk før vaskemaskinen kom i hus? Når var separatoren i bruk? Når kom den første datamaskinen innom veggane og kva var lagerkapasitet størrelse på den? Skriv det ned!

Og andre forandringar: Kva sa vi når vi kom inn hos folk som sat og fekk seg mat:

Signe maten, eller når vi møtte nokon som var i arbeid: *Signe arbeidet*.

Det er både hjelpemiddel og veremåte som har forandra seg. Det kan vera grunn til refleksjonar! Og til å gjera enkle notatar. Tar vi kvarandre i handa når vi helsar, eller klemmer vi kvarandre?

Arbeidsoppgaver:

*Vi har tatt kontakt med styret i NEAS om arkivet for *Smøla Kraftlag A/L* og om dei vil ta oppgaven med å samle historia om straumforsyninga på Ytre Nordmøre.

Og vi ønsker å ta vare på arkivet til Smøla Kraftlag A/L

* Bok om *Slåttar, stev, stubbar og salmer fra Smøla* er under arbeid.

Vi arbeider med finansieringa og den synest å gå i orden.

Vårmøte

Tor Erik Jenstad 5. mai 2011, kl 18.00:

I ungdomshuset på Jøstølen

Godlåt og godtal

Kåseri om dialektord og uttrykk. Så blir det musikkinnslag i tillegg. Vi møter Jonas Jonassen Hoksnes med fele og Unni Ulltveit med fløyte i lag med Tor Erik Jenstad. Det blir eit spennande møte i eit hus med sjel. Og vi ønskjer at mange blir med. Det blir inngangspengar kr 100 og Ungdomslaget Framtia sel kaffi og noko attåt.

Smølaminne 2010

Det har vore godt salg av årboka vår. Den er etterspurt både her på Smøla og utanom Smøla. Det er kjekt. Og det blei eit fint hefte. ***Vi har oppdaga at noen hefte har ein feil slik at dei begynner på side 17. Dei som har fått eit slikt hefte, må ta kontakt så vi får byta til eit hefte utan feil.*** Det er leit at slikt skjer, men både vi og trykkeriet vil gjera sitt beste for å rette opp feilen.

Lokal litteratur for Nordmøre

Det er utruleg mye lokal litteratur som blir utgitt på her på Nordmøre. Våre bokhandlarar kunne ha gjort denne meir synleg. Så kanskje kunne vi samarbeide med Gurisentret om å laga ein nordmørsk litteraturdag der både forlag, forfattarar, historielag og andre presenterte sine skrifter. Kanskje vi i tillegg kunne få med dei som driv med musikk og la dei presentere sine prosjekt?

Slektsforskning

For dei av våre medlemmer som syslar med slekt, så er ei oversikt over gravminner på mange av gravsteda på Smøla lagt ut på heimesida til Dis Norge:

<http://www.disnorge.no/gravminner/index.php>

Slik vert fanene fødde

folket broderte dei med kjærleiken sin,
og sydde fillene saman med si liding.

Festa stjerna med ei brennande hand.

Og klipte, av skjorta eller av himmelen, det blå til fedrelandsstjerna.

Drope for drope kom det raude til etter kvart.

(Pablo Neruda)

Faner fra Smøla

Vi har hatt dårleg salg av dette heftet. Prisen er no sett ned til 100 kr pr. hefte. Det er mye lokalhistorie som ligg i dette heftet og det fortel også om mye godt handverk som er nedlagt i arbeidet med å lage faner. I Lokalhistorisk magasin nr. 3/2010 fekk heftet omtale. Til no er dette det einaste i sitt slag i Norge. Noregs Ungdomslag arbeider med eit tilsvarande hefte for ungdomslag. Oppfordring til alle medlemmer i historielaget om å skaffe seg heftet.

Smøla sett med kunstnarauge:



Oscar Kleineh: Aften ved Smølen i Norge



Amandus Nielsen: Sommeraften ved Smølen

To interessante bilde. Både Oscar Kleineh (1846-1919) og Amandus Nielsen (1838-1932) er kjent som kystens landskapsmålarar. Bildet som Oscar Kleineh har måla, kjenner vi ikkje til kor det er. Men det var såpass anerkjent at det i Finland blei laga postkort av det. Både fargekort og svart/kvit versjon er kjent. Og det ser ut til at det har vore eit populært kort som er mye brukt. Det dukkar avog til opp på postkortauksjonar.

Amandus Nielsen sitt maleri er i Det kongelige slott si kunstsamling og var gave fra Kristiansund kommune til kong Haakon og droning Maud. Amandus Nielsen er representert i Nasjonalgalleriet og den største samlinga finn vi i Stenersenmuseet i Oslo.

Adresser

Heimesida vår finn du på www.smola.historielag.org

og her kan du kontakte oss: post@smola.historielag.org

Ved tipping er vi glade for grasrotandelen, og her er org.nummer: 993 883 581.

Kontingenten er 150 kr for 2011 og betales til konto 3936.2042805. Da er Smølaminne 2011 med. Hugs å føre på namn og kva beløpet gjeld. Det vil lette arbeidet for kasseraren.

Tillitsvalgte i Smøla historielag:

Leder: Karle Gjernes

- 71541179/95826251
- epost: karlegje@online.no

Styremedlemmer:

Sekretær: Lars Roksvåg

- 71541718/91758388
- epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Nestleder: Kjell Gundersen

- 95286704
- epost: kgunna-g@online.no

Tove Betten

- 71542700/93627238
- epost: tovebetten@gmail.com

Judy Rangnes

- 71541138/95701908
- epost: judyrangnes63@hotmail.com

Varamedlemmer:

Lars Rosvoll

- 71540309/92622283
- epost: lars@rosvoll.no

Elisabeth Sørli

- 71540428/99260318
- epost: bjst3@online.no

Bjørg Træthaug

- 71540231
- epost: bjor.trathaug@neasonline.no

Kasserer: Jonna Tang Kuløy

- 71543229/95144438
- epost: jonnatan@online.no

Revisor: Svein Ivar Iversen

•

Redaksjon Smølaminne 2011:

Reidun Åstasund

- 71541290/90795407
- epost: reidun40@hotmail.com

Lars Rosvoll

- 71540309/92622283
- epost: lars@rosvoll.no

Bjørg Træthaug

- 71540231
- epost: bjor.trathaug@neasonline.no

Lars Roksvåg

- 71541718/91758388
- epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Valgnemnd:

Hjørdis Holm 71543230/95078648

hjo-hol@online.no

Halstein Spjelkavik 71489468/98418728

spjelkavikhalstein@yahoo.no

Per Halse 74542918/95930986

phalse@online.no